

Dag og Tid 24.12.2015

Krim og Trøndelag

Av Sigurd N. Skirbekk

Av alle statar i Vesteuropa er Noreg truleg det landet som historisk sett har hatt færrest konflikter med Russland. Russland var det første landet som anerkjente Noreg som eigen stat i 1905. Nansenhjelp og grensehandel vart ein del av biletet. Russiske troppar frigjorde Noreg frå tyskarane i 1944, og oppførde seg etter tilhøva eksemplarisk. Det same kan ein knapt seie om framferda deira i Tyskland etter krigen. Finnmark var det einaste okkuperte landområde der russarane trakk seg attende etter freden i 1945.

Av alle våre granneland, England inkludert, er Russland det einaste landet som vi aldri har vore i krig med. Av dei 14 statane som grensar til Russland, har landet vore i krig med 13 av dei. Det einaste landet som Russland aldri har vore i krig med, er Narvegilja.

Dette gjensidig gode forholdet har i seinare år vorte utfordra, mellom anna ved at Noreg har ført ein heller uklok politikk ved einseitig å gjera oss avhengige av USA, (Jfr. Helge Lurås: *Hva truer Norge nå?*).

Det nærast fiendtlege forholdet som USA har hatt til Russland, vart ikkje slutt med avslutninga av den kalde krigen. I nær fortid utalte den amerikanske presidenten (han som vi gav fredsprisen til), i ei tale i SNs generalforsamling at verda no sto andsynes tre store farer : Ebola, Russland og IS.

Ein kald krig-retorikk av dette slaget har vore legitimert med den russiske framferda for å gjera Krim til ein russisk provins, på trass av avtalen i

Minsk der det vart skrive at heretter skulle alle grenser i Europa liggje fast. Denne innlemminga har seinare ukritisk vore kalla ei form for "annektering". Men, Krim har da ikkje vore eit anna land for Russland, jfr Krimkrigen og andre verdskrigen.

Her kunne det vore grunn til å trekkje fram ulike historiske døme på "annektering" av land som i dag fordømer og boikottar Russland. Også når det gjeld Noreg, kunne det trekkjast fram eit eksempel som har mange parallellar til den russiske "annekteringa" av Krim. Eksempelet er måten Trøndelag igjen vart ein del av Noreg i 1660.

Som tidlegare nemnt hadde kong Fredrik III av Danmark-Norge underteikna ei fredavtale i Roskilde der det vart fastslege at heretter skulle Trøndelag vera svensk land. På trass av denne avtalen vart Trøndelag i 1660, med militær midddlar, atter innlemma i Noreg. Dei som skreiv for Wikipedia omtala innlemminga som ei "gjenerobring av Trøndelag", under kommando av generalløytnant Jørgen Bjelke som rådde over 3000 norske troppar. Svenskane hadde berre rundt 700 til å forsvare Trøndelag. Nordmennene vann. Store Norske skriv om Bjelke at " det er vanlig oppfatning at det var takket være hans innsats at Norges rikes enhet ble bevart".

Eg er sosiolog med ideologianalyser som spesiale. Av denne grunn les eg ofte historieforteljingar som uttrykk for spesielle interesser til ein av partane i striden. Dei som omtalar den russiske gjenerobringa av Krim som ei eineståande "annektering", kan ha interesse av å framstille Russland som serleg trugande og aggressiv.

I og med at eg ikkje er faghistorikar, var det for meg naturleg å leggja fram denne artikkelen for ein profesjonell historikar. Han gav grønt lys til å offentleggjera det eg hadde skrive.

Eisenhowers testamente

Trykt I Aftenposten 01.04.2015

Aftenposten for 22. mars har et relevant innspill for å forklare omfanget av engstelse blant vestlige kommentatorer på Russlands politikk overfor Ukraina. Her er det neppe tilstrekkelig å bare fokusere på russisk utenrikspolitikk, Både norsk og amerikansk våpenindustri har sine interesser, og bør trekkes inn I bildet.

Det kan her være grunn til å sitere hva president, og tidligere øverstkommanderende for de allierte styrker under andre verdenskrig, Dwight D. Eisenhower uttalte ved sin avgang. Dette var på den tid da den kalde krigen var på sitt kaldeste.

Her er Eisenhowers testamente, ordrett gjengitt:

“In the councils of government, we must guard against the acquisition of unwarranted influence, whether sought or unsought, by the military-industrial complex. The potential for the disastrous rise of misplaced power exists and will persist”.

Sigurd Skirbekk